

**Referent:** Ingunn Bårtvedt Skjerdal  
**Dato** 04.10.2022

Emne:	<b>Referat fra regionalt planforum 23.08.22 - regionalplan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn 2023-2035</b>																																																																	
Til stades:	<table border="1"> <thead> <tr> <th>Navn</th> <th>Organisasjon/Etat</th> </tr> </thead> <tbody> <tr><td>Marianne Bugge</td><td>VLFK SUD PKF regional</td></tr> <tr><td>Frøydis Ones</td><td>VLFK SUD PKF regional</td></tr> <tr><td>Tina K.M. Sinclair</td><td>VLFK SUD PKF regional</td></tr> <tr><td></td><td></td></tr> <tr><td>Kurt Kåre Skagen</td><td>Statens vegvesen</td></tr> <tr><td>Torbjørn Hasund</td><td>Statens vegvesen</td></tr> <tr><td>Helle Holte Bruland</td><td>Statsforvalteren</td></tr> <tr><td>Sarah Kvåle Skouen</td><td>Statsforvalteren</td></tr> <tr><td>Torgeir Flo</td><td>Statsforvaltaren</td></tr> <tr><td>Eirik Brynjelsen</td><td>Statsforvaltaren</td></tr> <tr><td>Åshild Hjørnevikt Vatshelle</td><td>Statsforvaltaren Landbruk</td></tr> <tr><td>Siri Erdal</td><td>Statsforvaltaren</td></tr> <tr><td>Sølvi Morvik</td><td>Banenor</td></tr> <tr><td>Ole Magne Kjellevold</td><td>Banenor</td></tr> <tr><td>Mari Johansen Aune</td><td>Distriktscenteret</td></tr> <tr><td>Ket Fossen</td><td>Forum for natur og friluftsliv</td></tr> <tr><td>Eva Katrine R. Taule</td><td>VLFK- SUD- PKF Fagleiar plan</td></tr> <tr><td>Ingunn B. Skjerdal</td><td>VLFK-SUD PKF koordinator planforum</td></tr> <tr><td>Ragnhild Berge Feidje</td><td>VLFK- SUD- PKF</td></tr> <tr><td>Mona Steinsland</td><td>VLFK- SUD- PKF</td></tr> <tr><td>Elisabeth Lofthus-Lie</td><td>VLFK- SUD- PKF</td></tr> <tr><td>Iselin Helløy</td><td>VLFK- SUD- PKF</td></tr> <tr><td>Gunhild Raddum</td><td>VLFK-MOK</td></tr> <tr><td>Martin Tvedt</td><td>Skyss</td></tr> <tr><td>Matti Torgersen</td><td>VLFK-INV</td></tr> <tr><td>Janne Grønli</td><td>VLFK-INV</td></tr> <tr><td>Gunnbjørg Austrheim</td><td>VLFK – KII Nyare tids kulturminner</td></tr> <tr><td>Ingeborg Sofie Sætrevik</td><td>VLFK -INN</td></tr> <tr><td>Grete Kathrine Jacobsen</td><td>VLFK-INN</td></tr> <tr><td>Randi Elisabeth Lotsberg</td><td>VLFK-INN</td></tr> <tr><td>Martin Tvedt</td><td>Skyss</td></tr> </tbody> </table>		Navn	Organisasjon/Etat	Marianne Bugge	VLFK SUD PKF regional	Frøydis Ones	VLFK SUD PKF regional	Tina K.M. Sinclair	VLFK SUD PKF regional			Kurt Kåre Skagen	Statens vegvesen	Torbjørn Hasund	Statens vegvesen	Helle Holte Bruland	Statsforvalteren	Sarah Kvåle Skouen	Statsforvalteren	Torgeir Flo	Statsforvaltaren	Eirik Brynjelsen	Statsforvaltaren	Åshild Hjørnevikt Vatshelle	Statsforvaltaren Landbruk	Siri Erdal	Statsforvaltaren	Sølvi Morvik	Banenor	Ole Magne Kjellevold	Banenor	Mari Johansen Aune	Distriktscenteret	Ket Fossen	Forum for natur og friluftsliv	Eva Katrine R. Taule	VLFK- SUD- PKF Fagleiar plan	Ingunn B. Skjerdal	VLFK-SUD PKF koordinator planforum	Ragnhild Berge Feidje	VLFK- SUD- PKF	Mona Steinsland	VLFK- SUD- PKF	Elisabeth Lofthus-Lie	VLFK- SUD- PKF	Iselin Helløy	VLFK- SUD- PKF	Gunhild Raddum	VLFK-MOK	Martin Tvedt	Skyss	Matti Torgersen	VLFK-INV	Janne Grønli	VLFK-INV	Gunnbjørg Austrheim	VLFK – KII Nyare tids kulturminner	Ingeborg Sofie Sætrevik	VLFK -INN	Grete Kathrine Jacobsen	VLFK-INN	Randi Elisabeth Lotsberg	VLFK-INN	Martin Tvedt	Skyss
Navn	Organisasjon/Etat																																																																	
Marianne Bugge	VLFK SUD PKF regional																																																																	
Frøydis Ones	VLFK SUD PKF regional																																																																	
Tina K.M. Sinclair	VLFK SUD PKF regional																																																																	
Kurt Kåre Skagen	Statens vegvesen																																																																	
Torbjørn Hasund	Statens vegvesen																																																																	
Helle Holte Bruland	Statsforvalteren																																																																	
Sarah Kvåle Skouen	Statsforvalteren																																																																	
Torgeir Flo	Statsforvaltaren																																																																	
Eirik Brynjelsen	Statsforvaltaren																																																																	
Åshild Hjørnevikt Vatshelle	Statsforvaltaren Landbruk																																																																	
Siri Erdal	Statsforvaltaren																																																																	
Sølvi Morvik	Banenor																																																																	
Ole Magne Kjellevold	Banenor																																																																	
Mari Johansen Aune	Distriktscenteret																																																																	
Ket Fossen	Forum for natur og friluftsliv																																																																	
Eva Katrine R. Taule	VLFK- SUD- PKF Fagleiar plan																																																																	
Ingunn B. Skjerdal	VLFK-SUD PKF koordinator planforum																																																																	
Ragnhild Berge Feidje	VLFK- SUD- PKF																																																																	
Mona Steinsland	VLFK- SUD- PKF																																																																	
Elisabeth Lofthus-Lie	VLFK- SUD- PKF																																																																	
Iselin Helløy	VLFK- SUD- PKF																																																																	
Gunhild Raddum	VLFK-MOK																																																																	
Martin Tvedt	Skyss																																																																	
Matti Torgersen	VLFK-INV																																																																	
Janne Grønli	VLFK-INV																																																																	
Gunnbjørg Austrheim	VLFK – KII Nyare tids kulturminner																																																																	
Ingeborg Sofie Sætrevik	VLFK -INN																																																																	
Grete Kathrine Jacobsen	VLFK-INN																																																																	
Randi Elisabeth Lotsberg	VLFK-INN																																																																	
Martin Tvedt	Skyss																																																																	
Forfall:		Sak: 2022/4000 - 25																																																																
Møtetid:	23.08.22 kl 10-12	Møtestad: digitalt på teams																																																																

**Møteleiar: Eva Kathrine R. Taule**

Referantar Frøydis Ones og Ingunn B. Skjerdal

Møtet opna med ein presentasjonsrunde

Presentasjon av Marianne Bugge., presentasjonen følgjer referatet.

Grunnlaget for planen ligg i utviklingsplanen med utfordringsdokumentet, gjeldande planar er evaluert og det er gjennomført kartlegging av forventingar til ny plan. I prosessen er det lagt vekt på medverknad eksternt og internt.

**Kommentarar, innspel, til diskusjon****Statens vegvesen (Torbjørn Hasund):**

- SVV blir gjerne med i referansegruppa som vist.
- SVV deltok i møte i mars, kom der med tydelege synspunkt. Kjenner til planen frå S&F men har ikkje nytta han aktivt i sitt arbeid. Hordalandsplanen er konkret og god. Ønskjer ein konkret, tydeleg plan med planføresegner. Vegvesenet har også eit sektoransvar og har med det mange treffpunkt inn mot den regionale senterstrukturplanen. Brukar SBATP aktivt når ein ser på kommunale planar, og håpar denne planen skal bygge på det. Då vil hovudlinjene dra i same retning. Dei brukar SBATP (samordna bustad, og areal og transportplan) aktivt, og håpar denne planen skal bygge på det. Då vil hovudlinjene dra i same retning. Vil tru planen legg seg tett opp til det som er SVV sine mål.
- Statens vegvesen har fem overordna toppmål som dei arbeider etter, og som dei ynskjer vert lagt til grunn for denne planen også.
- Til dei konkrete spørsmåla i lista til møtet
  - o Nyare kunnskapsgrunnlag som må nemnast:
    - Regional transportplan
    - Vognormalane: N 100
- Innspel på at den regionale planen vert kortare enn dei som er gjeldande i dag
- Det er viktig å tydeleggjere kven som er målgruppa for planen – kven er den laga for?
- Vegvesenet ser det og som positivt om det er kart som tydeleggjer strukturen som vert fastsett (regionsenterstruktur), og i tillegg om det er mogleg å synleggjere føresegner eller likande i kart.
- Statens vegvesen går frå møtet kl. 1055
- Kommentar frå PFK seksjonen:
  - o Til det siste punktet: vi har bestillinga, og forventninga. I utgangspunktet vil det ikkje følgje pengar med. Regionale planar er grunnlag for motsegn mot kommunane. Det skal verte ein overordna strategisk plan som skal følgjast opp gjennom handlingsplan. I dette arbeidet er det kopling til økonomi. Kven som er målgruppa vert eit viktig spørsmål i det vidare arbeidet. Planen skal gjelde for heile fylkeskommunen. Det kan vere ønskeleg at ein i planarbeidet får avdekka midlar / tilskotsordningar som kan koplast til iverksettinga av planen (når ein kjem til handlingsprogrammet). Det er ein intensjon og eit potensiale om vi kan sjå virkemiddelordninga vi har opp mot denne planen.
  - o Vi voner at ein del av kunnskapsgrunnlaget vil kartfestast
  - o Det er ein intensjon om at det skal følgje midlar med planen gjennom handlingsprogrammet.
  - o Denne planen er ein stor samarbeidsplan – arbeidet kan kopast til berekraftsmål 11 og 17. Vi er avhengig av å få til ein god skreddarsaum. Vi voner at kommunane vil bruke planen aktivt sett frå fylkeskommunen si side. Og at vi saman vil nå berekraftsmåla gjennom senterstruktur planen.
  - o Mona: det er viktig å kartfeste. Gir støtte til det som er sagt om dette frå vegvesenet

- Tillegg frå Samferdsel Matti Torgersen: Til temaet økonomiske virkemidlar og det å sjå på ting i samanheng. Vi bør kanskje verte flinkare til å bruke dei fylkeskommunale midlane og NTP midlane – får vi det til det bli positivt.

#### Direkte spørsmål til Marianne sin presentasjon:

- Eirik Brynjelsen: Plan for senterstruktur har eit fokus på storleik, funksjon, med meir. Men det er viktig å seie noko om kva eit senter er eller skal vere, og korleis senter skal byggjast ut. I kor stor grad vil dette bli fokus i planarbeidet og planen? Også forholdet mellom fortetting og transformasjon, og senterutviding – som ofte vert presentert som fortetting. I kor stor grad vil planen ta for seg utviklinga av sentrum som sådan?
  - Seksjon PFK: I arbeidet til NIBR/TØI vert det eit historisk perspektiv på kva som har vore dei dannande faktorane. Dette er ulikt og vi har ulike senter i Vestland. Eksisterande situasjon, og vurderingar av kva ein regionssenter bør vere både med utbyggingstrategiar og innhald er ein del av bestillinga til NIBR / TØI
- (E.B) Ynskjer ein plan som kan nyttast i arealforvaltning, som kan seie noko generelt. Fortetting er tilpassa. Statsforvaltar sende brev til kommunane sist sommar der siste 10 års omdisponering av jordbruksareal vart presentert. Av den totale omdisponeringa, gjekk 38% til bustadføremål. Dette bør vere unødvendig når potensialet i sentrum ikkje vert nyttta fullt ut. Einebustadutvikling i sentrum blir ikkje bra. Dei er opptatt av konsekvensar av dette. Når ein først lagar ein sentrumsplan, bør ein også klargjere kva som ligg i dei nemnde forholda.
  - PFK seksjonen: Kor langt ein kjem på dette temaet buformer veit vi ikkje. Tilnærminga kan vere bygging i fylket som heilskap eller berre sentrum.
- Statsforvaltar (Torgeir Flo): Saknar ei grunngjeving på kvifor fylkeskommunen startar opp arbeidet med revisjon. Den planen som er utarbeidd for Hordaland har i det store og heile har planen fungert veldig godt. Revisjon av planen skaper uforutsigbarheit for dei som har behov for å vite rammene knytt til etablering. .
  - (PFK seksjonen: (Marianne)): Grunnlaget for arbeidet er bestilling frå politisk hald. Dei såg behovet for ein felles plan sidan dei to planane frå dei tidlegare fylka var så ulike. Behovet for ein felles plan er til stades. I kartlegginga frå kommunane om korleis dei tidlegare planane har fungert, er det ulike tilbakemeldingar på. Nokon meiner planen har fungert veldig godt. Andre kjenner seg ikkje att i den framstillinga. Frå politisk nivå på fylkesnivå kan det sjå ut som at det ikkje er ynskeleg med føringar. Hordalandsplanen har vore veldig god på prosess, involvering – i arbeidet med planen. Dette var nesten like viktig som sjølve planen då den kom.
  - PFK seksjonen (Eva Katrine): regional plan for attraktive senter vart vedtatt i 2014, denne vil uansett gå ut på dato i 2024 sidan regionale planar har eit 10 års perspektiv.
- Statsforvaltar (Sara Skouen): Litt oppfølging av det som er sagt. Statsforvaltar meiner at regional plan for Hordaland har fungert godt. Og at retningslinene for handel har vært god. Dette ønskjer dei vidareført. Og kan gjerne utvidast til å gjelde fleire område. Dei ser også behovet for tydelege definisjonar eller prinsipp for ulike forhold. Eks. lokalisering, og kor vert bustadfelt lagt i perspektiv av berekraftig utvikling. Alle kommunar ynskjer vekst. Men alle kan ikkje vekse like mykje. I arbeidet med senterstrukturplanen kan det vere lurt å seie noko meir om kva som er den balanserte utviklinga i fylket. Vekst i det regionale aspektet. Litt om dei ulike nivå i senterhierarkiet. Ulike nivå, kor mange kan ein kommune ha, kor lang avstand bør det vere mellom dei. Slik at dei ikkje øydelegg for kvarandre.

#### **Statsforvaltar**

- Nyare kunnskapsgrunnlag er relevant: Ung dataundersølinga frå 2021, i tillegg til det som er nemnt i presentasjonen (FH undersøkinga, bustadprogrammet)
- Behov for utgreiingar: Dei støttar det som er nemnt. Kan vere grunnlag for å arbeide meir med definisjonar av sentrum, men og møteplassar og grøntområde. Kva er kvalitet? Og kva

avstandar må det ha for tilgjengeleg. Universell utforming kunne vore meir spissformulert. Med aldrande befolkning er dette viktig å ha med.

- Plantema:
  - o Det er positivt at utbyggingsmønster og spesielt arealbruk er løfta fram som eige tema. Dette er viktig i globalt perspektiv – er knytt til klima, og omdisponering av areal. Viktig å ha fokus på desse store utfordringane som er grunnfundament for berekraftsmåla.
  - o Dei saknar transport som plantema, eventuelt som inkludert i andre tema. Det har vore eit tema i Hordalandsplanen. Temaet transport treff veldig breitt om det vert tatt med. Ynskjer difor at det er med også i revisjonen
  - o Rammene for planarbeidet. Samordna retningsliner for bustad og transport (SBATP) er med – det er bra. SPR for born og unge, samt ulike særlover: folkehelselov, naturmangfaldlov, m.m. må nemnast som rammer for planarbeidet. Planprogrammet er elles svært oversiktleg bygd opp og svarar ut fleire spørsmål.
- Statsforvaltar(Siri Erdal): Nokre stikkord for tema som må omtalast:
  - o Aldersvennleg samfunn, demografiutfordringar. «Leve heile livet» Her har distriktsenteret hatt eit prosjekt på temaet og det er skriven ein rapport for arbeidet.
  - o Sentra i fylket har i tillegg bustadbehov for grupper som treng tenester. Bustadbehova sentralt er viktig i forhold til arbeidsreiser. Fleire av desse bustadanlegga er også store arbeidsplassar.
- Statsforvaltar (Åshild Vatshelle):
  - o Vis også til jordvernlova frå Landbruksminister frå tidleg 2022, og jordlova.
  - o Prinsipp for arealbruk. Planprogrammet seier «Innanfrå og ut». Hugs at mange små teigar kan vere viktig også for landbruket. Jordbruksjord har verdi og kan nyttast også som hageparsell, avrenning av nedbør, akebakke, biologisk mangfald. Dei kan nyttast til andre føremål også i eit senterområdet.
  - o Kap 4.2 i planprogrammet – godt landbruksareal på nasjonalt nivå er areal for korndyrking. Synspunkt frå vår region er at gode grasareal også er god landbruksjord.
  - o Gåavstand er viktig, ikkje leggje til rette for parkering på bakke, men heller under bygg og på tak
  - o Dersom jordbruksareal må byggast ned bør det vere ei retningslinje om at matjord skal flytast og brukast til matjord, ikkje fyllmasse grøfter.
  - o Eirik Brynjelsen: Det er eit utgreiingsbehov som bør gjennomførast. Det meste av bustadbygginga skjer som tap av matjord. Skulle gjerne sett konsekvensar for matjord som ein del av kunnskapsgrunnlaget. Skulle gjerne visst meir om arealreservane som ligg i eksisterande KPA i kommunane (viser til SSB rapport for nasjonalt 2022)
- (Torgeir): Arealnøytralitet må vere i fokus. Dei grøne lungene må få stå. Fortettingspotensiale må realiserast før ein ser seg om etter nytt areal. Det må vere i fokus.
- (Sara): Arealnøytralitet er viktig på overordna nivå. Dersom dette vert lagt inn må ein også utarbeide arealrekneskap. Dette kan vere viktig å ha med som grunnlag for planen
- Ønskjer å utfordra fylkeskommunen på fleire planføresegner for å gjere planen meir tydeleg, bindande, og meir berekraftig. Meir konkret informasjon om dette kjem i statsforvaltar sin uttale.
- Dei stiller gjerne i ressursgruppe som nemnd i presentasjonen
  - o SFP seksjonen (Marianne): tenker både regional plangruppe – overordna, og regionale fagområde også i plantemagruppene. Vil ta ein runde på dette i ettertid.

#### **BaneNor (Ole Magne Kjellevold, Sølv Morvik)**

- BaneNor er opptatt av senterutvikling - fortetting og parkeringsplassar. Det er viktig at det vert sett av areal til parkering knytt til buss for tog. Dei vil gje innspel til strekninga dei forvaltar.
- I områda Arna, Vaksdal og Stanghelle – ønskjer dei at det vert sett fokus på kollektiv.
- Transport som tema i planen er også ynskjeleg frå deira side
- Deltek gjerne i arbeidsgruppe

## Distriktscenteret

- (Mari Aune) **Berekraftige lokalsamfunn betyr at ein må sjå på dei mindre stadane og.**  
Distriktscenteret tenker nedanfrå og opp. Bestillinga som ligg i planprogrammet seier at ein må sjå på dei minste. Kva skal til for å få levelege lokalsamfunn også for dei minste sentra? Kva skal til for å oppretthalde og styrke dei som er små? Og korleis samhandlar dei i dag?  
**Kva er forholdet mellom dei ulike stadane, med ulike storleikar.** Pendlarmønster m.m. vil kunne seie noko om kva slag betydning dei har for folk. Om ein bur på ein liten stad er det nokre tenester som ein er avhengig å ha i lokalsamfunnet – til dagleg. Eksempel barnehage, daglegvarehandel. Andre ting kan ein reise til dei større sentra for å nå. Eks helsetenester. Fokus på tenester er bra – og ein nøkkel for dei små stadane. Det er viktig å ha gode, små stader. Viktig å sjå korleis dei store og små stadane heng saman, men og korleis oppretthalde dei små stadane. Kanskje planen kan komme med nokre råd til kommunane; kva må ein satse på for å ha gode små stadar.
- Merkurprogrammet hadde nokre resultat som det vert vist til. Nærbutikken er viktig for lokalsamfunn. Nærbutikkane arbeider for å vere velferdssentralar også i sine lokalsamfunn. Tek på seg ekstra tenester. Kommune og nærbutikk kan ha nytte av å samarbeide.
- Bustad er eit viktig plantema alle stader. For dei små stadane kan det og vere eit problem å tilby bustader. Næringslivet seier at dei som dei rekrutterer også må ha ein stad å bu. Kostnader med å etablere seg.
- Barn og unge. Ungdommens distriktspanel er viktig å samhandle med. Dei har kome med 10 råd for kva som gjer at ungdom skal ynskje å etablere seg i distrikta. Dette er eit relevant kunnskapsgrunnlag. Realiteten i distrikta er aldrande befolkning. For å ha berekraftige lokalsamfunn må ein ha med perspektivet generasjonsoverskridende og generasjonsvennlege samfunn. Kanskje bør ein tenke generasjonsoverskridende ikkje berre barn og unge i planarbeidet.
- **Medverknad.** Det er effektivt å møte folk der dei er. For barn og unge er skular ein aktuell arena. Kanskje få med vidaregåande skular for å samle inn innspel? Dei statlege etatane er glad i føresegner – dei er lett å styre etter. Medan folkevalde ikkje er det. Vil sterkt minne om at dei folkevalde og skal eige denne planen. Kanskje seie noko om kor viktig det er å ha ein prosess med dei folkevalde. Dette må løysast i planprosessen.
- **Korleis realisere planen?** Distriktscenteret møter kommunar som lurer på korleis dei skal arbeide for å styrke lokalsamfunnet sitt og ha ei god samfunnsutvikling. Dei saknar ein samordna innsats om korleis lukkast med god sentrumsutvikling. Kan planen tenke på samhandling som ein strategi for å følgje opp desse lokalsamfunna?
- Distriktscenteret vil gjerne delta i arbeidsgrupper vidare
- **PFK seksjonen (Marianne):** Dette skal vere ein overordna plan. Må stoppa på eit nivå. Men det skal også kome handlingsplan etter at den regionale planen er vedteken. Dette handlingsprogrammet eller – planen skal få eit anna fokus enn tidlegare. Kanskje dette med samskaping og lokalsamfunnsutvikling kan følgjast opp der? I det vidare arbeidet må vi sjå nærmare på dette.

## Forum for natur og friluftsliv

- Ket Fossen
  - o Arealnøytralitet – det er viktig å få det inn på overordna nivå
  - o Til stikkorda: Utforming av omgjevnaden og tilbod til folk og fortetting. Tenk på korleis sentrum vert brukt.
- **PFK seksjonen (Marianne)** Vi skal ha interessentanalyse i forhold til kven som skal delta i det vidare arbeidet. Kanskje vert forumet invitert inn i det vidare arbeidet.

## Fylkeskommunen

- **Grete:** det er mange møtepunkt med næringsplan. Ønskjer å delta i det vidare planarbeidet
- Grøne hubar og grøn næringsutvikling. Det er viktig å sikre areal til utvikling
- Landbruksplan skal på høyring i løpet av hausten. Sjå til denne.  
<https://vlfk.pameldingssystem.no/hoyringsmote-temaplan-for-landbruk-i-vestland-2023-2027?ref=ntKPM4&updated=slrpy/#/home>

av 7

- Viktig at at fylkeskommunen sine planar er føreseielege for næringslivet kan vere svært øydeleggjande dersom dei ikkje er det.
- Medverknad Kva er tenkt i forhold til næringslivet. Sjå på kvifor er gode stader viktig for dei. Det kan vere ein potensielt sterkt vekselverknad. Forankring i næringslivet er viktig.
- **Randi:** Tenker i tillegg at berekraftsmål 17 kan kome tydelegare fram. Dette er viktig å forankre politisk. Samspel senterstruktur senter – omland er også viktig
- Plantema barn og unge vert feil. Ikkje ha fokus berre på denne aldersgruppa. Må sjå på alle aldersgrupper i alle plantema.
- **Gunbjørg:** Meir fokus på kulturminne i planarbeidet. Ønskjer å delta i arbeidsgrupper.
- Kartlegg no regionale kulturminne, tettstader med regional og nasjonal kulturminne.
- Nasjonale føringer – stortingsmeldingar må visast til, i tillegg lagar alle kommunane no sine kulturmiljøplanar. Vis også til desse
- I tillegg to andre planar, Riksantikvaren sine tilrådingar for by og stadutvikling av 2022, som byggjer på tidlegare bystrategi. I tillegg kulturminnestrategi.
- **Gunhild:** Transport, kollektiv og mobilitetsbegrepet bør vere tydelegare inkludert. Innfartsparkering. Kunnskapsgrunnlag: RTP
- Skyss har ein del analyser som kan vere nyttige
- TØl: eldre og reisevanar – pågående arbeid som kan vere nyttig.

**Eva Katrine:** Vi må ha ein god intern prosess i det vidare arbeidet.

Møtet vart avslutta før alle kom til. Vi har difor lagt inn kommentarar frå Mona Steinsland frå PFK sekksjonen i ettertid:

Eg har forsøkt å sette opp mine munnlege innspeil til vårt regionale planarbeid og til gjennomgangen i planforum i punkt nedafor. Primært er alle elementa nedafor relatert til **berekraft** som for meg primært handlar om samhandling/samarbeid (FN mål 17) – det å sjå **ulike tema i høve kvarandre, samanheng og i ein heilsak**. Kunne ikkje sjå at dette kom klart fram i planprogrammet, eller vart teke opp i regionalt planforum. Det gjeld å sjå, kopla og drøfta ulike tema i samanheng og samla, i ein heilsak. Saknar ei orientering om korleis vi kan omsette tradisjonell bruk av omgrep og prinsipp til ny tenking, nye omgrep og opplegg for **nyskapning og tverrfagleg samspel** i plan; konkrete prinsipp og retningslinjer for lokal berekraftig utvikling og forming.

Vidare har eg følgjande punkt (so langt):

- **Berekrafta** vart i regionalt planforum i dag relatert til samarbeid, mål 11 og 17. Dette kan koma klarare fram i planprogrammet. Berekraft for meg handlar det ikkje om å arbeide med einskilde element/tema kvar for seg (sortert), men om å blanda, kople og arbeide med samansette utgangspunkt, vi har det til dømes i omgrepa; kombinerte og/eller blanda føremål, sambruk, samarbeid, samhandling m.fl. – alle relatert til lokal og global berekraft.
- Eg vil særskilt få løfta fram omgrepa; **balansert, samansett og blanda** som primære grep i dette planarbeidet.
- **Fortetting** er **ikkje naudsnyt berekraftig** i lokal/regional handling og utvikling, samanheng. **Det kom klart fram i forumet i dag.** Vil med dette støtte og oppmoda om at omgrepene; fortetting blir utfordra, drøfta og avklara i høve regional og lokal berekraft (ulike samanhengar og i ein heilsak). Dette er særskilt relevant å identifisere/endre i høve ulik målestokk/skala (til dømes i høve senterstruktur og busettingsmønster, som også legg opp til ei form for sortering (hierarki) og ikkje blanding, samarbeid og samansett, mangfold).
- I tillegg vil eg spele inn omgrepa og prinsippa; **ombruk og fornying, og transformasjon** i høve debatten og som eit alternativ til fortetting, til det å bygge meir og å legge til rette for utvikling og vekst i sentra og sentrum, altså i alt fortetta og utbygde areal (område).

av 7

Kort summert meiner eg at følgjande kan bli utvikla, drøfta og klargjort:

- Berekraft – samarbeid
- *Fortetting er ikke berekraftig* - fortetting som prinsipp og omgrep
- Legge til prinsipp om ombruk og fornying, transformasjon
- Sjå berekraftsverdiane i hop og mot kvarandre, på tvers av geografi og storleik (målestokk/skala) – unngå sortering og å avgrensa potensial, og førebu seg på det uføresette
- Innhold og tyding i arbeid med balansert, samansett og blanda høve – sjå og drøfte tema i samanheng og heilskap
- Styrke inngangen og måla om samarbeid og samhandling – kreativ og ny tenking (nye konsept) og nyskapning

Vedlegg

1 Bestillingsskjema -planforum 23. august 2022 - senterplanen